

## **Styremøte i Bryggja utviklingslag, torsdag 4/10 -18**

Desse møtte: Geir T. Engdal, vara Iselin Endal, Linda Nykrem, vara Ronny Bergesen og Øystein Hessevik.



### **Sak 1 Info Stadutviklingsprogram 2020 for Bryggja**

Øystein informerte styret om stadutviklingsprogrammet som Bryggja er med i og det kommande bygdemøte torsdag 25.10.18.

### **Sak 2 Leikeplass byggefelt**

Alle apparat er no rive av Vågsøy kommune.

Det vert foreslege å kjøpe inn to rastebenkar og å bygge ei sandkasse.

Benk vert bestilt med Stensbakken industrier i år. Sandkasse vert foreslått å byggast våren 2019. Ein vil då prøve å tromme i hop nokre «byggefelt folk» til dugnad.

### **Sak 3 Bekymringsmelding Idrettshuset og bana**

Drøfting rund tilstanden til idretsbygget og fotballbane på totland. Linda tek kontakt med Jetmund Nyvang for å få ei orientering.

### **Sak 4 Orientering lån til skulen**

Utviklingslaget har tidlegare sagt ja til å låne ut 50 000,- til Bryggja skule AS. Lånedokument/avtale med tilbakebetalingsplan er framlagt for styret og einstemmig vedteke.

### **Sak 5 Søholmen**

Dagen før vi fekk tilskot på 10 000,- til discgolfbane, fekk vi avslag på bygging frå fylkesmannen.

Desse midlane vil vi av denne grunn søke om å få omdisponert til bygging av klatre/buldrevegg i grendahuset. Geir søker om omdisponering.

Dobygget treng nytt tak og vi har fått løyvd midlar til dette. Øystein innhentar tilbod på skifting av tak på dobygg med entreprenør (Terje Brobakke).

Det vart utført slåttearbeid i sommar. Støtte til dette vert utbetalt frå fylkeskommunen via Vågsøy kommune.


Ein tek sikte på dygnad i vinter med skoging på søholmen.

## Sak 6 Bryggja.no

Styret går inn for å oppgradere bryggja.no til ein nyare platform. Det er innhenta pris på dette tidlegare på kr 5000,- . Arbeidet vil bli utført av Svein Arild Bergset og vil vere klart i løp av nov 2018.

Målet med oppgraderinga er at det skal vere enklare for brukarane å gjere oppdateringar, samt at sida vil vere betre eigna for mobilvisning.

Referent Øystein S. Hessevik

  
Øystein S. Hessevik  
Gunnar Endal  
Svein Arild Bergset